



Bak død gards
preste-
av 1922

MENIGHETSBLAD

FOR ORKDAL PRESTEGJELD

«Når dere søker meg av hele eders hjerte, vil jeg la meg finne av eder».

Nr. 4

APRIL 1961

11. årg.

„Husk på Jesus Kristus, han som er stått opp fra de døde, --»

2. Tim. 2,8.

Tenkende bibellesere kan fristes til å spørre: Hvorfor skrev Paulus slik til Timoteus? Skulle nå det være nødvendig? Vi vet hvem Timoteus var: En ung medarbeider som sikkert Paulus ventet seg mye av. Det finnes til og med dem som mener at han var sett ut til å bli Paulus' etterfølger. Så han skulle da vel ikke trenge en slik påminning. Hadde han virkelig glemt den Herre som han forkynte. Umulige tanke.

Tankene famler videre.

Kanskje han var sliten og mismotig? Slik kan det gå når en ser liten framgang på trosfronten. Det er farlig å se seg motløs på tiden. Da er det godt når venner kan gi et oppmuntrende ord, og aller helst et ord fra Herren. Kraften er ringe hos den som viser seg motløs på trengselens dag, står det i dette Ordet. Det er en langt bedre veg å gå: Kom heller Jesus Kristus i hu. Det er føyd til noe om ham: «Som er stått opp fra de døde». D.v.s. at han lever.

Når dette skrives og leses, er vi ferdig med påskedagene. Så dette kommer som en hilsen post festum: «Husk på Jesus Kristus». Nå skal det leves videre på det vi har mottatt i de «store» dagene. Det skal

huskes også i hverdagen at Jesus lever. Det er ikke håpløst. Vi ber ikke til en død, men en levende Frelser. Han vil være med deg og holde deg oppe.

Det kan bli noe rastløst og utadvendt over et menneske. Unge Timoteus kjente det — kanskje. Vi kjenner det i hvertfall. Det er et hotemiddel for det og. «Kom av sides med meg, og kvil dere litt», sa, og sier Jesus til disiplene.

Det eksisterer to krefter, lærer

ET LESERØNSKE:

Når menighetsbladet kommer, blir det vel mottatt litt ulikt. Personlig setter jeg stor pris på spalten «kirkelige handlinger». Videre studerer jeg selvsagt prekelisten. Men her er det jeg har et ønske. Bladet er litt i utakt med prekesøndagene somme tider. Når det når fram til leserne, kan det hende at både en og to søndager på listen hører fortiden til. Enn om prekelisten ble utarbeidet for såpas lang periode at en alltid kunne finne greie på gudstjenestene i bladet? Kunne dette bli rettet på, så var det mange som ville like det.

1. PÅSKEDAG

var det som vanlig offer til Menighetsfakultetet i Orkdal kyrkje. Det kom inn kr. 313,50.

vitenskapen. Den ene er sentripetalkraften. Den slynger utover, bort fra sentrum. Den andre er sentrifugalkraften. Den driver innover, mot sentrum.

Det er mye som vil dra en kristen bort fra Sentrum. I dette mye er lagt ned kreftene «som vil lokke meg og dra bort fra Jesus som seg ofret på sitt kors på Golgata». Det er noe blendende og dårende i representantene for den bortledende kraften. Fristelsene fører på villspor for dem som gir etter.

Men det eksisterer også en kraft som drar innover til Jesus, d.v.s. til Sentrum. Disse kraftkildene er nådemidlene og de helliges samfunn. Det er et dårlig tegn når noen blir borte fra dem. For åndelig liv eksisterer ikke dem foruten.

«Ad fontes», tilbake til kildene, er et stolt slagord som renessansen har skapt. De som formet det mente nok noe annet enn en kristen tilskynding. Men det kristne livet har også sine lover, som ikke kan brytes uten at det går ut over livet. Skal det næres og ikke dø, må det tilbake til kildene og Sentrum. Og som en hjelp i hverdagen:

Husk på Jesus Kristus.

Red.

Det kristne skolelagsarbeidet på Follo

I kyrkjene våre har det fleire gonger vore ofring til skolelagsarbeidet, eller, som det heiter, til Norges kristelige student- og gymnasiastlag. Derfor kunne det vera på sin plass at menighetsbladet fortalde litt om dette arbeidet som er i gang i mellom oss. I alle høve meinte redaktøren det. Derfor leita vi opp formannen i det kristne skolelaget ved Orkdal offentlege lands-gymnas og hadde ein samtale med han. Han er ekte Orkdals-gutt og heiter John Stokkan, og er soneson av den John Stokkan som mange av oss enno minnest.

Vi spør formannen kor mange medlemmer laget har?

— Det er omlag 45 skrevne medlemmer. Men medlemsstokken skifter sjølvstøtt svært i eit slikt skolelag. Kvar vår er det med vemod vi sender frå oss ein flokk russ, og spenninga er stor om hausten. Da undrast vi på om vi skal få mange aktive medlemmer mellom dei nye gymnasiastane. Det gjeld at det kjem folk som kan fylla plassen etter dei «berande krefter» som vi tok farvel med om våren.

Korleis driv de arbeidet i laget?

— Først har vi dei vanlege lagsmøta med tale eller foredrag om sentrale kristne emne og mykje song og musikk. Prestane i dalen er snille til å hjelpa oss. Ved sida av desse møta legg vi vekt på å arrangere hyggekveldar for kameratane våre. Da har vi gjerne eit program med film og konkurransar, og gjerne litt bevertning. Men Gudsordet får også lyda, sjølvstøtt. Det vi serleg ser fram til, er å få lagssekretæren, studentprest Even Fougner, på gjesting. Det skjer minst ein gong i halvåret. Da vil klassene gjerne ha religionstimar om føremiddagen ved sekretæren. Så finn mange elevane vegen til møtet om kvelden og gudstenesta om søndagen. Vi er svært glade for at

sokneråda gir oss ofring til dette arbeidet når sekretæren er med ved gudstenesta. Men vi var ikkje gymnasiastar dersom vi ikkje av og til hadde diskusjonskveldar på skolen, og da er interessa stor, og det kjem i dagen at mange fleir enn ein trur, går og arbeider med religiøse problem.

I si tid hadde laget både songkor og musikklag. Korleis er det med dette no?

— Songkoret er gått inn no, av di dirigent og songarar er russ for det meste. Men musikklaget vårt er framleis i gang. Og medlemene i musikklaget er svært aktive. Dei syng og held andakt på sjukehuset og på begge aldersheimane. Og vi blir godt mottekne på alle desse stadene, og folk prøver å gjera det hyggeleg og festleg for oss også, når vi kjem for å gle andre. Ellers er det ofte vi blir bedne om å syngja på bedehusa. Og både i bedehus og i kyrkje er medlemene våre faste tilhøyrarar. I kyrkja hender det meir enn ein gong under altergangen at gymnasiastane fyller eit heilt knefall.

Er det andre oppgaver lagsfolk har tatt opp?

— Ja, i lange tider har ein del av våre folk tatt tårn i søndags-skolearbeidet fleire stader i dal-føret, og det er ei hjelp som trengst, for det er stadig for lite søndags-skolearbeidarar.

Vi seier takk for samtalen og ynskjer Guds signing over arbeidet vidare. Og til lesarane vil vi seia at det nok framleis blir høve til å stø dette ungdomsarbeidet, som er så livsfriskt og lovande.

— gus.

Evangeliet er uforandret og uforanderlig, men det har evnen til å forandre mennesker.

Rosenius.

Kva arbeider de med i Orkdal sokneråd?

(Framh. frå nr. 3).

Som lesarane kan hende hugser hadde vi i førre nummeret eit intervju med formannen i Orkdal sokneråd. Her kjem andre delen av det:

Med det same vi har tak i formannen, må vi få høyra hans meining om ei sak som representanten Per Lønning reiste i Stortinget for stutt tid sidan. Lønning meinte tidå nå var komen til at norske prestar kunne ha to gudstenester pr. søndag. Da slapp vi å sjå at mange norske kyrkjer står stengde kvar søndag, utan gudsteneste og klokkeklang. Som kommunalpolitikar kan De, hr. Syrstad, ha ei meining om dei problema som dette kunne reisa. Ville kostnaden i Orkdal bli så stor at ei slik utvida gudsteneste-ordning ville møta økonomiske hindringar?

— Det kan eg ikkje tru. Kommunen har alltid vore svært imøtekomande mot kyrkja og hennar ynskjemål. Dessutan må ein vera merksam på at i Orkdal kan vi nytta kapellet svært mykje, og det er billeg i drift. Men sjølvstøtt ligg det eigenlege problemet med Lønning framlegg på ein annan stad. Det er mange ting kyrkjedepartementang og presteforening og bispar må drøfta og bli samde om før ein kan forandra talet på dei gudstenestene som prestane er pliktige til å ta.

Når no flomlyset er kome i orden og kanskje også er betalt, er det vel andre oppgaver soknerådet vil ta opp?

— Ja, eg vil nemna ei oppgave som må løysast snarast råd er. Når no kyrkjegarden ved innsats av viljuge hender og løyvingar frå kommunen er komen i så god stand at vi kan vera glade ved å syna han fram, så er det likevel ein ting som skjemmer. Eg tenkjer på det gamle uthuset som enda står der. No skal vi gå til riving av dette og få noko i staden. Det gjeld å få til noko som både er praktisk og moderne og på same tid går inn i omgjevingane utan å stikka for mykje i augo. Attom kapellet er det alt grave ut ei tomt til eit slikt lite bygg, som både skal gi opphaldsrom

til gravar og kyrkjjetenar og skal innehalda toalettrom. Vi har tenkt å få opp eit lite murhus, og takhøgda skal gå om lag i eitt med toppen av den gamle kyrkjegardsmuren.

Trur De at soknerådet kan få nytta nokre kroner av den testamentariske gåva frå avdøde stasjonsmeister Halset til eit slikt føremål som dette?

— Vi har nok tenkt på dette, men dei 18 tusen kronene, som vi fekk, etter arveavgifta var betalt, bør nok reserverast til meir direkte kyrkjegardsstell, trur vi.

Det ser ut til at Orkdal sokneråd har mange jarn i elden, men likevel må vi få ta opp enda ei sak i denne samtalen. Det gjeld Menighetsbladet for Orkdal prestegjeld. Det blir nå utgjeve av dei tre sokneråda i prestegjeldet. Derfor må det vera naturleg å stille eit spørsmål om økonomien til bladet. Som ein ser av rekneskapan, har bladet eit underskot eller ei gjeld på om lag halvtanna tusen kroner.

— Utan å ha noko mandat frå soknerådet, må eg få seia som mi meining at ein må skaffa balanse i rekneskapan før arbeidet med bladet kan føra til noko resultat. Dersom økonomien er god, kan det vera mun i å arbeida for å gjera bladet betre og vakrare. Men, sant å seia, har ikkje soknerådet hatt oppe denne saka. Det er sikkert ein feil, men vi hadde trudd at dei jamne bidraga som kom inn etterkvart, var nok til å dekkja kostnaden. Men slik stoda nå blir lagt fram, lyt nok vi som medutgjevarar drøfte om vi skal gjera noko, og kva vi skal gjera.

Med dette slutta samtalen vår, og dette skulle lova godt for framtida for bladet vårt også.

REPLIKK.

Til dette om eit *betre* og vakrare blad vil redaktøren berre merke: Det må vera *mun* i å gjera bladet *betre*, medan økonomien er skral og. God økonomi kan nok skapa eit vakrare og friskare blad, jamnfør klisjear og godt papir. Men *betre* blir bladet helst med at dei gode pennane *skriv* i det. Mellombels får ein gjera det beste ut av det, og freista få mykje og allsidig stoff til bladet. Men fri redaktøren frå å skriva det meste av stoffet sjøl.

G A V E R til bladet

ORKLAND.

Ved Olav Olsen: Ola Vikahaug, Gunhild Viken. Begge bet. kr. 10. John Lium og Johan Knudsen. Begge bet. kr. 5.

Ved Martin Moe: Henrik Kvåle, Ingvald Sæther. Begge bet. kr. 10. Ola Mosbakk, Peder I. Opøien. Ingebrigt Boksbu, Lars Løseth, Karen og Martin Moe. Alle bet. kr. 5.

Ved Nils Ofstad: Martin Monseth, Anders Svorkmo, John Wuttudal. Alle bet. kr. 10. Sverre Lystad 5.

Ved A. B. Hoston: Anna Berge 10. Karen J. Wormdal 5.

Ved Jørgen Lie: Eli Svorkdal 5.

Ved Oddlaug Høston: Peder Øyum 5. Ved Marit Berbu: Anders E. Sjøberg, Marit og Gunnar Opøien. Begge bet. kr. 10. Gurine Eggen 5.

Ved John Fagerli: Berit Haugen 10. Marit og Olav Dahlen 5. Marta og John Fagerli 5.

Ved res. kap. Leergaard: Kristine og Ivar Skjølberg, Klara Skistad, Ingeborg og Engel Asbøll. Alle bet. kr. 10.

ORKDAL.

Ved Olav Olsen: Randi og Einar Evjen 10. Gyda Mosvik 5. Ola Rønningbakk 5.

Ved Olav Soiem: Ivar Vuttudal, Anders Bakken, O.S. Alle bet. kr. 5.

Ved Lars Bonvik: Arntine Bjørseth, Jenny Sletvold, Karen Brobakk, Pauline Olsen. Alle bet. kr. 5. Sofie og Erik Garberg, Nils Hansen, Ivar Andøl, Martin Bjørndal, Gunhild Skjennald, Egil Johansen, Ola Brotveth. Alle bet. kr. 10.

Ved Ingar Lund: Ola Myren, Dorteia Tronvold, Oline Johansen, Fr. Skorild, Jakob Samskott. Alle bet. kr. 5.

Ved Per Asphjell: Ingrid og Per S. Ustad, Marit Snøsen, Gunda og Johan Røhmesmo, Hanna Jamtgaard, Annette og Gustav Hansen, Agnes og Ole P. Evjen, Ingrid og Per Ustad. Alle bet. kr. 10.

Ved Ingvald Rindal: Ingeborg og Johan Berg, Karen og Ola Graven, Berit og Ola Sletvold, Mille og Oddmund Berg. Alle bet. kr. 5.

Ved I. K. Jakobsen: Sigrd Rønning, Johanna Ljåmo, Birger Ustad, Karl Asphjell, Guri Ustad, Helmer Blåsmo, Gunnar Sommervold, Arne Fagerli, Olav Lillery, Kristoffer Fossum, P. Krislok, Gustav Brekstad, Ole Aas,

PREIKELISTE

- 16/4 Orkdal kl. 11. Olsen.
Orkland kl. 11. Hatlebrekke.
Kyrkjebuss frå Monset.
Orkanger kirke kl. 11. Leergaard
- 23/4 Stokkhaugen bedehus kl. 11.
Leergaard.
Moe bedehus kl. 11. Olsen
Orkanger kl. 11. Sekr. Røvik og
Hatlebrekke. Ungdomsgudst.
- 30/4 Orkdal kl. 11. Sekr. Røvik og
Hatlebrekke.
Hoston Forsamlingshus kl. 11.
Leergaard.
Orkanger kl. 11. Olsen. Nattverd
- 1/5 Orkdal kl. 11. Sekr. Skaug og
Leergaard. Ofr. til Kr. arb. F.
Orkland kl. 11. Hatlebrekke.
Ofr. til Kr. arb. F. Kyrkjebussar
frå Hoston og Monset.
Orkanger kl. 11. Olsen.
Ofr. til Kr. arb. F.
- 7/5 Ustad skule kl. 11. Hatlebrekke
Togstadjåren kl. 11. Leergaard.
Orkanger kl. 11. Olsen. Samtale
med konfirmantane. Ofring til
Nyttestamenter.
- 11/5 Orkdal kl. 11. Olsen. Nattverd.
Orkland kl. 11. Hatlebrekke.
Nattverd. Kyrkjebuss frå Hoston.
Orkanger kl. 11. Leergaard
- 14/5 Orkdal kl. 11. Leergaard.
Monset skule kl. 11. Hatlebrekke.
Orkanger kl. 11. Olsen. Konfir-
masjon.
- 17/5 Orkdal kl. 11. Hatlebrekke.
Ofr. til I.K.O. og Kirkens Nødhj.
Orkland kl. 11. Leergaard. Ofr.
til konfirmanttestamenter.
Kyrkjebussar frå Hoston og
Monset.
Orkanger kl. 11. Olsen. Barne-
gudsteneste.
- 21/5 Orkdal kl. 11. Krinsungdoms-
stemne for Indremisjonen. Pre-
dikant frå Indremisjonen. Hatle-
brekke. Ofring. Nattverd.
Orkland kl. 11. Leergaard. Ofr.
til sjøm.misj. Kyrkjebuss frå
Monset.
Orkanger kl. 11. Olsen. Nattv.
for konfirmantar og andre.
- 22/5 Orkdal kl. 11. Leergaard.
Orkland kl. 11. Olsen. Kyrkje-
buss frå Hoston.
Orkanger kl. 11. Hatlebrekke.

Johanne og Johan Larsen, Emma
Gjølmesli, Ole Kårmo, Ola O. Mor-
ken, Marit Eide, N. Moen, Ole P.
Ustad sen., Martha Leland, Sivert
Gjønnnes, Lars Søvasli, Karen Mo,
John M. Sommervold, Johan Sundli,

Hoff's Begravelsesbyrå

Kister og svøv
Begravelsesbil.
Gravmonumenter.

Telefon: Orkanger 66.

Innramming av bilder

Av flere grunner tar jeg pånytt
mot oppdrag for innramming.

ANTON ASK,
Fannrem, telef. 1064 a.

GODT UTVALG av

SØLVVÅRER

til

BARNEDÅP
BRYLLUP
KONFIRMASJON

JOHN RØHME
GULLSMED - ORKANGER

Gravmonumenter

i alle prisklasser og modeller i første-
klasses utførelse kan bestilles hos meg
Monumentene leveres fraktfritt og
fritt oppsatt.

BERNT GROVEN
Svorkmo.

Olav Aas, Einar Nøsen, H. Gaustad,
Berit Asphjell, Fredrik Lervei, Bryn-
hild Nordtømme, Klara Berbu Eilert-
sen. Alle bet. kr. 5. Fru Grut, Arne
Asbøll, Anders A. Fagerholt, Lars
Digeraas, dyrlege Stenersen, Ole J.
Meeas, Klara og Harald Mølbye, Olav
Warholm, Andreas Koksæter, Odd
Fossum, Lars Mjøen. Alle bet. kr. 10.
Gunnar Melaas 20.

ORKANGER.

Ved Olav Olsen: Valborg Bakk 5,
Anna Rostad 5, Marie Ustad 5, Marie
Wuttudal 5, Karen Olsvik 5, Ildri Sol-
bu 5, Marta Hansen 5, Bjørg og Jo-
stein Mælen 10, Reidun Ulseth 10, E.
og E. Singstad 5, Mikal Pevik 5, Jor-
unn og Kristoffer Pevik 5, Ulrik Tøm-
mervik 10, Randi Falch 5, G. og S. 10,
Johanne Hoff 10, Jens M. Jensen 5,
Thora Ebbesen 5, Steinar Larsen 10,
Ingeborg Soligaard 5, Olaf Sivertsen
5, Ingeborg og Gunnar Ustad 10, Stor-
stein 5, Iver Lillery 10, Edmund Hen-
den 10, Gerd og Iver Svee 10, Leif
Løseth 5, Elfrida Singstad 10, Nils

Ustad 5, Oline og I. Finstad 10, Johan
Hagen 10, Martin Solem 10, «Orkan-
ger Vel» 25.

Ved Nik. Konstad: Martin Eggen 5,
Bjarne Hammer 10, Marit og Gabriel
Skjenald 10, Nik. Konstad 10.

UTENBYGDS.

Ved Martin Moe: Anne Ofstad,
Meldal 5.

Ved I. K. Jakobsen: Anton Gang-
aassæter, Heimdal 10.

Ved Olav Solem: Astrid Indergaard,
Strøm Terrasse 22, Drammen 5, Gud-
run Sødal, Erl. Skakkes gt. 25, Trond-
heim 5, Annbjørg Solem Andersen,
Rogneveien 278, Stavern 5.

Hjertelig takk!

OFRINGAR.

2/4 Ofring i Orkanger til Indremi-
sjonen kr. 135,—.

ANDRE GAVER

Til bedehusstoler i Orkanger:
Elfrida Singstad kr. 35; G. og Th. J.
kr. 35.

MISTAK.

Frå Orkdal kjem denne meldinga:

Ved eit mistak vart det ikkje lagt
ved postgiroblankett i førre nummer
av Menighetsbladet til ein del husly-
djar i Orkdal. Dei i Orkdal som får
sine blad over Orkanger får i staden
blanketten i dette numret av bladet.

**FORSTANDEREN FOR
MENIGHETSSØSTERHJEMMET,**

pastor Aschim besøkte Orkdal torsdag
før palmesøndag, og talte ved et
møte i Orkdal kapell. Det var godt
oppmøte og sang av gymnasiastenes
musikklag. I kollekt kom det inn
kr. 120,—.

SKOLELAGSARBEIDET

fikk et offer på kr. 303,50 ved guds-
tjenesten den 5. mars. Denne gudstje-
nesten fikk stor tilslutning. Det var
ungdom fra Torshus folkehøgskole og
fra landsgymnaset som preget for-
samlingen. Orkdalskonfirmantene var
også flinke til å møte fram.

SVORKMO PRENTEVERK